



Gunnar Wiederstrøm

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/581 - 17/10235

Saksbehandlar:

Alexander Helle

alexander.helle@meland.kommune.no

19.05.2017

Vedrørende områdeplanen og E39

Visar til epost frå Gunnar fredag 12.05.17.

Etter Meland kommune si oppfatning har det ikkje med dette dukka opp nye synspunkt om korleis planprosessen skal gjennomførast. Om noko likevel skulle vera uklart inviterer kommunen gjerne til eit avklaringsmøte.

I samtalen me hadde torsdag 11.05.17 viste eg til referatet frå møtet me hadde med Statens Vegvesen 07.02.17. Under følgjer fleire utdrag av referatet (med mine uthevingar av sentrale aspekt i feitt skrift):

*..Gitt at man har et godt fungerende lokalvegssystem i tillegg til ny E39, har Statens vegvesen åpnet for at en ikke trenger å etablere et nytt kryss nord på Flatøy. **Skissen vist i møtet var for upresis til å ta endelig stilling til...***

Vidare:

...Forhold som må avklares i det videre arbeidet:

- 1. Hvor stor trafikkmengde tåler et lokalvegssystem med tilknytning til kryss sør på Flatøy før det oppstår trafikale problemer? Svaret på spørsmålet vil gi grunnlag for krav om bygging av toplanskryss.*
- 2. Dersom det skal være holdeplasser ved E39 kreves et større arealinngrep enn et halvt kryss.*
- 3. Er det næringstrafikk og eventuelt andre faktorer som skulle tilsi fullt kryss i området?*

Meland kommune viser til at det i det vedtatte planprogrammet for områdeplanen er forutsatt at Midtmarka skal få planfritt kryss med E39 og at andre løsninger ville måtte bli behandlet politisk...

Vidare:

- Utforming og plassering av kryss*

SVV er åpen for å finne kryssutforminger som ikke er så plasskrevende, gitt at dette skal fungere i et område med en sentrumslik bebyggelse. Noen viktige punkter i utformingen er:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- at på- og avkjøringsrampene er lange nok (obs gunstig at det skal kjøres på i unnabakke og av i oppoverbakke når det gjelder krav til lengde), for å dempe fart og unngå tilbakeblokkering
- trafikk sikkerhet
- sikre plass til gode kollektivløsninger

Kommunen/utbygger skal komme med innspill til gode løsninger. Det vil også være viktig for å påvirke plasseringen av krysset.

Opus har også utarbeida eit notat i samband med handsaminga av føreslegne utviding av planområdet, (05.03.17 Notat frå Opus i samband med revisjon av plangrense Midtmarka og Rotemyra). I Notatet står det mellom anna:

...Med dei føringar som SSV la fram i møtet med plangruppa, må det leggjast opp til ein todelt prosess for områdeplanen, dersom ein skal kome vidare med planprosessen no.

Trinn 1:** Gjere ferdig reguleringsplan for Midtmarka/Rotemyra, men med eit større område for kombinerte føremål som dekkjer den sona Statens vegvesen ber om vert sett av til ny E39 og toplanskryss. **Ein retningsgjevande illustrasjonsplan for sona kan syne korleis vegsystemet kan kombinerast med ulike sentrumsføremål, jf. kulepunkt 2 frå møtereferatet. I planen må ekspressykkelveg og lokalvegsamband mot Flatøy sør regulerast. ...

For Meland kommune er det viktig at arbeidet med krysset ikkje stoggar opp sjølv om det skulle bli opna for ei løysning med tilkomst via lokalveg mot kryss på Flatøy sør og bruk av dagens halve kryss mot Midtmarka for fyrste byggjetrinn. Det har til no i planarbeidet vore ein god dialog med Statens Vegvesen, og denne ynskjer me skal halde fram.

Det bør utarbeidast ein retningsgjevande illustrasjonsplan for eit kryss på E39 Midtmarka/Rotemyra. Viktige moment:

- Plassering av kryss
- Utforming av kryss
- Utforming av kollektivhaldeplassar
- Utforming av miljølokk/undergang
- Plassering av sykkel- og gangveggar

Illustrasjonsplan for kryssløysningar må vera gjennomførbar og detaljert nok til at dei kan brukast i vidare dialog med SVV samt gje gode rammer for seinare detaljering.

Med helsing

Alexander Helle
arkitekt - arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Jakob Rosvik
Stian Hviding

Mottakere:
Gunnar Wiederstrøm